

Møtereferat

Dato: 10.09.2014

Til stades:	Nils Tore Skogland, Naturvernforbundet, Ingrid Torsnes, Fylkesmannen i Hordaland, Frå Hordaland fylkeskommune: Gudrun Mathisen, Einar Aalen Hunsager, Per Hjalmar Svae, Gunhild Raddum, Inge Døskeland og Karen Nybø		
Forfall:	BKK, Vaksdal kommune, Bergen kommune, Planseksjonen-HFK.		
Emne:	Referat frå møte i prosjektgruppa 05.09.2014	Sak:	2014/20763-1
Møtetid:	11.00 – 14.30	Møtestad:	1127 i Fylkeshuset

Møteleiar: Gudrun Mathisen

Referent: Karen Nybø

AGENDA:

1. Framdrift og signal frå Klimaråd Hordaland som hadde møte 29.08.
2. Med utgangspunkt i hovudmåla i den nye klimaplanen, er det tiltak som de vil foreslå?
3. Presentasjon av kriterier for prioritering av tiltak til nytt handlingsprogram (i utsendt vedlegg «Modell»)
Gjennomgang av nye tiltaksforslag som er komne fram gjennom høyringsuttaler, Fylkestinget sitt vedtak og sekretariatet sitt arbeid (utsendt vedlegg)
Gjennomgang av tiltak i handlingsprogram 2014 med tanke på evt vidareføring (utsendt vedlegg)
4. Diskusjon
5. Eventuelt

Sak 1

Gudrun Mathisen tok utgangspunkt i Klimaplanen som er vedteken av Fylkestinget og orienterte om vidare framdrift for handlingsprogrammet for 2015. Mellom anna er det nyttig at det er sett tal på kor store klimagassutsleppa/energiøkonomiseringa må vere kvart år for at vi skal nå måla. Administrasjonen i Fylkeskommunen prøver å følgje opp politikarane sine ønskje ved å byggje på MiSA-rapporten og AUD-rapporten for å finne farm til og setje i verk tiltak som kan medverke til å nå måla. Ho orienterte også seinare i møtet om Klimarådet sitt møte. Det vart understreka av deltakarane kor viktig det er å ha med politisk nivå i klimaarbeidet, m.a. for å kunne påverke nasjonale avgjerder.

Sak 2

Vi tok ei runde «rundt bordet» for å få fram eventuelle nye idear til korleis oppnå dei ambisiøse måla i Klimaplanen. Det er viktig å ha mangfaldige innfallsvinklar, spesielt dersom vi ønskjer å utløyse handling hos privatpersonar eller i andre organisasjonar enn HFK. Vi må streve etter å få systematikk for klima i årlege budsjett og rekneskap.

Møtelyden var nøgd med at arbeidet med handlingsprogrammet verkar å ha kome inn på eit betre spor i og med dei tre kriteria Relevans, Effekt og Styring. Hydrogen vart peikt på som energikjelde for tyngre køyrety og båtar. Båtar vart peikt på som ein lite infrastrukturkrevjande transport. Elektrisitet som framdriftsteknologi i kollektivtransporten vart også nemnt.

Sak 3

Vurderingsmodellen vart gjennomgått. Under gjennomgang av kriterier, vart det å utløyse synergieffekt nemnt som eit muleg eige kriterium. Eksempelet var korleis staten sine avgiftsfritak og HFK si utbygging av infrastruktur hadde medverka til auken i elbil-sal i Hordaland).

Trass i avgrensa kjennskap til ulike prosjektidear, gjekk møtelyden gjennom **lista over nye tiltak**.

Desse forslaga vart ikkje tilrådd å gå vidare med:

- «Livskraftige knutepunkt og senter», fordi det blir dekkja andre stader
- «Bransjeregister for solenergi», fordi det blir dekkja andre stader
- «Sykkelsti mellom Askøy og Bergen» finst i stor grad, og strekket over Askøy-brua er ikkje det ein først vil ta fatt i om ein skal gjere noko for å auke syklinga.
- «Betre innfartsparkering i kommunane rundt Bergen» er eit forslag som skal handterast som brev heller enn som tiltak.

Over bordet kom det fram **forslag om følgjande nye tiltak**:

- «Energirådgeving for bustader» i regi av HiB og Oljefri/Naturvernforbundet
- «Vidareføring av Prøvekjøre» der fleire verksemdar skal med, m.a. ein ta med transportsyklar
- Hydrogenutgreiing, utvikling og innfasing.
- Fossilfri finans i Fylkeskommunen
- Elektrifisering av kollektivtransport (Mulegheitsstudie av trolleybuss er allereie laga)
- Infrastruktur for sykkel (snakk evt med Oslo om kva (system)hindringar det er))
- Sykkelvegutbygging i Bergensområdet (Sykkelgruppe i Bergensprogrammet eksisterer)
- Avgiftsfritak for el-sykkel)
- Spis meir sjømat frå Hordaland (då blir transporten redusert)
- Redusèr matkasting
- Kan Fylkesmannen gjere noko i eigen organisasjon for å få høg styringseffektivitet
- Utvide bruken av sykkel til andre grupper enn «dei vanlege»
- Målstyrt bompengekostnad
- Karbonavgift til fordeling etter Hansen evt som brev til skattekommissjonen

Klimautlysinga til Handlingsprogram for Næringsutvikling Hordaland kunne kanskje også vere eit tiltak?

Vi gjekk gjennom **tiltakslista frå 2014** og følgjande tiltak vart vurdert å ta ut av handlingsprogrammet:

4.1 Oljefri - sekretariatet må ta ei grundig vurdering til dels i samtale med Naturvernforbundet.

5.7 kan gå ut fordi sambruksfelt er vedteke.

5.12 går ut fordi ein jobbar på andre måtar med mobilitet.

7.7. Per Svae vil skrive ei grunngjeving for kvifor dette tiltaket skal ut

5.11 Gangbar tettstad – sjekk om det bør lengjast

Gudrun Mathisen sa at vi no kjem til å setje alle forslaga inn i ei liste og gjere prioriteringar. Vi må ned på talet på tiltak, for 2014 er talet 36.

Dersom det er områder der vi manglar noko, vil vi vende oss til næringsseksjonen for å finne ut om det er råd å nytte kompetansen f.eks frå ein Norwegian Centre of Expertise (NCE).

Sak 4

Diskusjonen gjekk gjennom heile møtet. Det vart til slutt understreka kor viktig det er å nytte anbod for å få tatt i bruk nyare teknologi som allereie finst!

Sak 5

Skal vi sjå nærare på biobrensel? Utslepp frå forbrenning av biobrensel må reknast med sidan det tek lenger tid å binde dei igjen enn tidsperioden for planen.

Biokol var nemnt som eit muleg tiltak for å redusere nettoutslepp frå landbruk og evt forbetre jorda i same slengen.